

# Himmel & hav

INFORMASJON 2. ÅRGANG / NR. 2 2024



– Dette er noko stort

Familien Gjøen fortel om dåpsdagen til Jens.

SIDE 4





**Annlaug Børve**  
Kyrkjeverje

## Dåpen er ei gåve

Vesle Jens vart døypt i Foldnes kyrkje i januar. «Dåpen set ein god start på livet og gir ei stadfesting på at vi som foreldre har lyst å oppdra barna i den kristne trua med kristne verdiar» seier foreldra til Himmel&hav.

I 2023 vart 240 barn døypt i Den norske kyrkja i Øygarden. Dette tilsvare 64,5 % av alle barna som vart føydde i Øygarden i fjor. No er det fleire enn før som lurer på om det er rett å døype barnet sitt,

eller om barnet bør kunne velje sjølv å bli døypte seinare i livet.

Foreldre tek mange val på vegne av barna sine, og alle vala påverkar barna. Ved å døype barnet vel ein å gje barnet tilhøyrse til og kunnskap om den kristne trua. Dersom ein sjølv tilhøyrer kyrkja, er det ei respektfull og kjærleg handling overfor barnet å innlemme det i si tru og sin tradisjon. Gjennom dette gjer ein barnet sitt eit språk for håp, framtid og meining.

Dåpen er sjølvsagt ikkje ei handling som er reservert dei aller minste. Om du ikkje er døypt sjølv, eller barna dine ikkje er babyar lenger, er de hjarteleg velkomne til dåp i Den norske kyrkja. Ta kontakt med kyrkjekontoret, så hjelper vi deg å finne tid og stad. Dåpen er ei gåve til oss alle som vi kan få ta imot, heilt gratis, utan å måtte prestere noko.

### Utgjevar:

Øygarden kyrkjelege fellesråd

### Ansvarleg redaktør:

Annlaug Børve, kyrkjeverje

### Redaktør og grafisk utforming:

Yngvild Mørner Sørheim

**Redaksjon:** Olai Otterå (Sund sokn), Ragnhild Andersland (Fjell sokn), Øyvind Angelskår (Foldnes sokn), Alvhild Vassel Eide (Landro sokn), Olav Martin Vik (Hjelme og Blomvåg sokn)

**Framsidedeilete:** Familien Gjøen



**Foto:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** RKGrafisk

**Opplag:** 4 nummer i året.

**Frivillig kontingent:** 350 kr i Øygarden, 400 kr utanbygds - Takk for di støtte!

**Bankkonto kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Vipps kyrkjeblada i Øygarden:** 82511

**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Himmel&hav: 9. august

**E-post redaksjon:** ys487@kyrkja.no

### Øygarden kyrkjekontor,

Tytebærbrekko 2, 5353 Straume  
Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

**Telefon:** 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar  
kl. 09.30–14.30

**E-post:** post.oeygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/oeygarden

## Kvifor får du Himmel&hav i postkassa di?

Magasinet blir lagt i alle postkassar i heile Øygarden. Det blir gjort fordi det blir rekna som informasjon, og ikkje reklame, i samsvar med Markedsføringsloven og Forbrukartilsynet si rettleiing for levering av uadressert reklame og aviser. Vi har dessverre ikkje høve til å trekkje ut adresser, så om du ikkje ønsker bladet, ber vi deg om å sortere bladet i papirsøppelet. Bladet er trykt på resirkulerbart papir.

# Innhald



**04** Stort med dåp

**06** Lagar middag til koret og heile familien

**07** Nye i kyrkjestaben

**08** Arbeidet i Fjell kyrkje er i rute

**09** Kontingent

**10** Konsertar og arrangement

**12** Døyppt inn i ein fellesskap

**13** Takk, Bjarte!

**14** Pårørendegruppe

**15** Diakoni - kyrkja sitt omsorgsarbeid

**16** Ny bibel

**17** Tankar frå presten

**18** Livets gang

**19** Livssorg og ventesorg

**20** Barn og unge sine sider

**21** Kryssord

**22** T-dagen

**23** Ungdomsteamet takkar av

**24** Smånytt

**27** Verdiåret 2024

**28** Hverdagslykke

**30** Gudstenester

Himmel&hav er eit gratis magasin med frivillig kontingent frå Den norske kyrkja i Øygarden; sokna Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.

# Stort med dåp

I januar hadde Helene og Jonas dåp for sitt tredje barn, Jens som no er ni måneder.





Laurdag 27. januar vart Jens døypt i Foldnes kyrkje av sokneprest Maria Tveten. Foto: privat

## Tekst og foto: Yngvild Mørner Sørheim

Familien Gjøen er innom Foldnes kyrkje for å mimre om dåpen til vesle Jens. Familien på fem, pappa Jonas, mamma Helene, og barna Amalie (5), Johannes (4) og Jens (9 mnd) har hatt familiedag og har vore på kino saman.

Inne i kyrkja lurar Amalie på kva dei lysa i lysgloben er for noko. –Hugsar du at vi tente lys der i dåpen til Jens? svarar Jonas. Ho nikkar og studerar rosene som er pynta rundt døpefonten.

Ein laurdag i januar vart Jens døypt, saman med to andre barn i ei dåpsgudsteneste.

### Valet om å døype

–Vi er jo begge døypte og har vakse opp med det som ein fin tradisjon, fortel Jonas. –Så det var sjølvstyggt for oss at barna våre skulle døypast.

Vidare fortel Jonas at dåpen set ein god start på livet og gir ei

stadfesting på at dei som foreldre har lyst å oppdre barna i den kristne trua med kristne verdiar.

### Førebuingar

Før dåpen sendte dei ut invitasjonar til ca. 40 gjester, dei leigde lokale til feiring og valde ut kven som skulle vere fadrar. Denne gongen vart det svograr som fekk den fine oppgåva. –Tidlegare har vi brukt søsken og nære venner.

–Før dåpen snakka vi også med barna våre om kva som skulle skje, at dei også er døypte og at dei fekk fest for seg, sier Jonas.

### Sjølve dåpsdagen

–Den største augneblinken for meg på sjølve dagen, var når vi gjekk i prosesjon inn i kyrkja, fortel Jonas. –Då kjende eg at det bruste godt. –Og så kjende vi på spenninga før vi gjekk inn og venta utanfor kyrkjerommet med dei andre dåpfamiliane, legg Helene til.

Under sjølve dåphandlinga var det Jonas som heldt Jens. –Eg kjende eg fekk ei stadfesting på at dette var rett. Dette er noko stort. Helene fortel også at det som sit igjen hos henne, var når dei fekk vise fram Jens til alle i kyrkja etter at han vart døypt.

### Fint å samlast

–Bonus med dåp er at det er ei fin anledning å samle familie og venner til ei feiring av det nye barnet, seier Jonas. Helene nikkar samd. –Det var viktig for oss at flest mogleg kunne komme og feire saman med oss, seier ho medan ho voggar på Jens og held eit auge med dei to andre barna.

Til festen vart lokala pynta, dei laga songhefte med songar og salmar og det hadde blitt bakt mange kaker. –Det blir jo rett og slett litt større enn ein vanleg bursdag, seier Helene!

# Lagar middag før barnekor-øvinga til heile familien



Middagen er klar. F.v. Åse Vik, Gerd Lillian Vik, Oddbjørg Innvær Vik og Margun Solsvik

Barnekoret Lyskastaren øver annakvar måndag på Vik bedehus. Men før øvinga startar, får borna, foreldra og søsken servert varm mat. Det kan vere mellom 70 til 100 personar som skal serverast. Det viktigaste for kokkane er at borna får samlast i bedehuset og syngja om Jesus.

## Tekst og foto: Olav Martin Vik

Det er hektisk på kjøkkenet på Vik bedehus når me kjem for å snakke med damene som lagar middag til opp mot 100 personar. Menyen skal vere tilpassa slik at den treff alle aldrar. For det er ikkje berre borna i barnekoret som skal ha mat. Nei, det er servering også til foreldre og søsken. Medan parkeringsplassen utanfor bedehuset fylles opp og familiane benkar seg rundt borda legg damene siste hand på verket og får maten inn på buffébordet.

Frå 2012 har søstrene Åse Vik og Margun Solsvik vore kokkar og laga mat til øvingane i barnekoret Lyskastaren. Leiarane i barnekoret ønskte at øvingane skulle vere ein møteplass for heile familien. Øvinga startar tidleg på ettermiddagen, omtrent midt i middagstida for mange og difor ville ein forsøke å lage tilbod til heile familien. Åse og Margun melde seg som frivillige kokkar og har i mange år laga middag til mellom 70 til 100 personar annakvar måndag så

lenge øvingssemesteret varar. Mat skal kjøpast inn og bringast til huset. Det skal kokast og det skal dekkast og det skal vaskast opp.

Kvifor gjer de dette spør me? For Åse og Margun er dette barne- og vaksenarbeid på bedehuset, sett ut i praksis. Dei synes det er kjekt å vera med og ikkje minst er det fint med dei gode tilbakemeldingane frå både born og vaksne som også takkar så mykje for maten. Familiane har det travelt og tilbodet om middag gjer

# Nye i kyrkjestaben

Vi ønsker velkommen til dei som er tilsette i vår!

det lettare å få borna av garde på øving. Åse og Margun synes også det er fint å få kontakt med foreldra til borna.

Det er alltid varm mat, alt frå lasagne, grateng til kyllingryte m.m. –Det skal vera skikkeleg mat, seier Åse og Margun. Den dagen me besøker bedehuset er det 85 personar som er påmeldt til middag. Det meste har vore 107. Makspris for familien er kr. 100.



Lasagne står menyen denne dagen

To nye hjelparar er komne til. Gerd Lillian Vik og Oddbjørg Innvær Vik har no meldt seg som medhjelparar. Det lettar trykket på kjøkkenet når gjestane strøymmer inn i matsalen og bevertninga startar. Det er berre å konstatere at middagen vart klar også denne måndagen.

## Barnekoret Lyskastaren

- For born frå 4 år til 4. klasse.
- 70 betalande medlemmer
- Øver stort sett annakvar måndag på Vik bedehus
- Koret har eige band
- Leiarar er Åse-May Solsvik Blom og Mie Blom Bonifacio
- Opptrer gjerne i Blomvåg kyrkje, på Vik bedehus og på førjulsarrangement



**Synnøve Elina Engelsen Eide** er tilsett i 100 % stilling som diakon i Landro. Ho har utdanning som lærar og diakon, og har dei siste åra arbeidd som lærar på Ulveset skule. Synnøve skal ta over "God nok" prosjektet i Landro, og utvide prosjektet til Ågotnes skule. I tillegg går ho inn i dei andre diakonale oppgåvene i Landro.



**Erlend Femdal** er tilsett i vikariat som personaleiar. Han har ein mastergrad innan arbeids- og organisasjonspsykologi, og kjem frå ei HR-stilling i Bergen kirkelige fellesråd. Erlend skal også vere leiar for dei tilsette i kyrkjemusikkseksjonen.



**Maria Wergeland** er tilsett i 50 % prosjektstilling som diakonimedarbeidar i Foldnes sokn. Stillinga er knytt til satsinga «Kyrkjekjellaren som diakonal plattform». Kyrkjelyden ønskjer at kyrkjekjellaren skal brukast til fellesskapsbygging, inkludering av einskildsmenneske og grupper som elles kanskje ikkje er så ofte i kyrkja. Som diakonimedarbeidar skal Maria koordinere dette arbeidet.



**Renate Olsen Seim** er tilsett i 50 % stilling som diakonimedarbeidar i Fjell sokn. Ho skal gjenoppta og utvikle det diakonale arbeidet i Fjell kyrkjelyd når kyrkja opnar igjen i august. Ei av oppgåvene vil verte å vere pådrivar for etablering av fellesskapsbyggjande arbeid for folk som bur på "Vestsida".



**Marija Bernotaite** er tilsett i 20 % stilling som ungdomsarbeidar i Sund sokn. Marija skal vere med å leie og støtte barne- og ungdomsarbeidet i Sund, og skal mellom anna delta i konfirmantarbeidet og på ungdomsklubb.



Frå venstre: Helge Kleemann (anleggsleiar Akasia), Tore Solvang (økonomi- og administrasjonsleiar ØKF), Sondre Haugseng Jakobsen (avdelingsleiar Akasia), Jon Ivar Friborg (prosjektleiar Øygarden kommune), Tore Heggernes (driftsleiar ØKF), Annlaug Børve (kyrkjevevje), Anita Garlid Johannessen (varaordførar) og Tom Georg Indrevik (ordførar).

# Arbeidet er i rute

Sommaren 2021 fekk kyrkjevevja ein urovekkande tilstandsrapport på Fjell kyrkje. Meldinga var at konstruksjonen som skulle halde oppe taket ikkje var sterk nok. Tilstanden var så alvorleg at kyrkjevevja fekk tilråding om å stenge kyrkja under sterk vind eller tungt snøfall.

**Tekst: Annlaug Børve**  
**Foto: Vagleik Brekke**

Øygarden kommune såg alvorlet i situasjonen, og har til saman løyvd 44 millionar kroner til rehabilitering av kyrkja. I slutten av april var ordførar Tom Georg Indrevik og varaordførar Anita Garlid Johannessen på synfaring.

Her fekk dei sjå korleis taket er styrka, berande konstruksjonar er reparerte og roteskadd laft er skifta ut. Inne i kyrkjerommet var det mørkt, med store plater som stengte for lyset i staden for vindauga. Dei er tekne ut og er sendt til i Haugesund. Her får dei 16 000 glasrutene ny blyinnfatting, og karmar og sprosser vert reparerte. Også kledningen på kyrkja er demontert og har fått seg eit strøk linoljemaling.

Fjell kyrkje har vore eit bygg som er vanskeleg og dyrt å få varma opp. Eit viktig mål med arbeidet er å få gjort noko med dette. Difor er no tønnekvellen og veggane isolerte med trefiber, og det er kome vindsperre på veggane. Det skal også inn nytt varme- og varmestyringsanlegg.

Etter planen skulle det også ha kome innvendige varevindauga som ville ha redusert varmetapet gjennom vindauga vesentleg. Denne delen av prosjektet er utsett, saman med mellom anna reparasjonar og tekking av tårnet og reparasjon av taket på kyrkelydssalen. Øygarden kyrkjelege fellesråd har bedt Øygarden kommune om å løyve ekstramidlar

til Fjell kyrkje i samband med revidert budsjett, slik at prosjektet kan verte fullført etter planen.

Ordførar Tom Georg Indrevik var imponert over arbeidet som er utført på kyrkja, og er glad for at bygget no vert sikra for framtida.

Arbeidet med Fjell kyrkje er i rute, og i september vert det feira 150-årsjubileum for kyrkja som planlagt. Her er alle hjarteleg velkomne. Program for jubileumsveka kjem i neste nummer av Himmel&hav. Du kan også finne det på nettsida kyrkja.no/fjell.

# Kontingent for Himmel&hav

Kjære mottakar av Himmel&hav!

Vi håpar du er nøgd med vårt felles kyrkjeblad. Redaksjonen arbeider for å gjere stoffet variert og interessant. Vi kjem ut med fire nummer i året.

Kontingenten er frivillig, men den er viktig for å kunne trykke og distribuere bladet. Bladet vert fulldistribuert i Øygarden kommune.

Prisen er 350 kr for deg som bur i Øygarden og 400 kr for deg som bur utanfor kommunen.

Vi takkar på førehand for ditt bidrag!



Du kan vippse til #82511 og velje  
"Kyrkjeblada i Øygarden".  
Scan QR-koden for å komme  
direkte til Vipps.

Eller du kan gje via bankonto til kyrkjebladet:  
**1503.84.37590**

Venleg helsing  
*Redaksjonen i Himmel&hav*

# Barnekor-konsert

LANDRO KYRKJE  
Tysdag 28. mai kl. 17.30

Med Landro barne-, tweens- og teenskor og Fjell barnekor!



DEN NORSKE KYRKJA  
Landro sokn

# Gudstenester med sommarfest

Kausland kyrkje 2. juni  
Landro kyrkje 9. juni  
Foldnes kyrkje 16. juni



## Konsert i Hjelme gamle kyrkje søndag 8. september kl. 18

Ved Olaug Elise Alvheim, Terje Nilsen og Øystein Steinsland

Me presenter musikk og dikt laga av lokale aktørar: Bjarne Skjold, Bjarte Sæle, Ruth Sandøy, Olaug Elise Alvheim m.fl


Billettar 250.- vipps og i døra

# ABBA

# Tensing Lukas

Konsert i Foldnes kyrkje  
Mandag 3. juni kl. 19.30

Gratis inngang - kollekt



# Orgelkonsert

i Hjelme kyrkje

Søndag 7. juli  
kl. 19.00



Kantor Øystein Steinsland spelar orgelverk av Johann Sebastian Bach samt eit knippe brudemarsjar frå den norske folkemusikkskatten.

DEN NORSKE KYRKJA  
Hjelme og Blomvåg sokn

# Sund Blandakor 50 år Jubileumskonsert i Sund kyrkje søndag 9. juni kl. 19.00



Fyrste gongen koret opptredde, var i påska 1974, i Kausland kyrkje, med songen: Kjærlighet fra Gud. Dirigenten var dåverande organist i Sund: Daniel Hydle, og koret hadde 32 medlemmar.

Kyrkjene i Sund, har gjennom åra som er gått, vore flittig brukt som konsert-arena for koret, og då særleg julekonsertane.

1. pinsedag 1997, deltok koret ved vigslinga av den nye Sund kyrkje, som viste seg å vera svært god som konsertlokale. Sidan då har mange av koret sine store arrangement vorte framførte der. Ikkje minst framføringa av Juleoratoriet i 1999 og 2000. Elles har koret delteke i mange kyrkjelege samanhengar, som: gudstenester, bispevisitas, friluftsgudstenester på Tyssøy og på Trellevikstemne.

I år feirer vi vårt 50-årsjubileum med konsert i Sund kyrkje 9. juni kl. 19.00. Billettar, kr. 300 kan ein kjøpa ved inngongen, eller via Ticketco på Facebooksida vår. Konserten vil gjenspeglja ein god del av repertoaret til koret gjennom 50 år.

Vi ynskjer alle hjarteleg velkomne til denne konserten!

*Sund Blandakor*

## En ferie å glede seg til



Trygge ferieopplevelser til  
familier som har det vanskelig



**+** Blå Kors

Gi din gave  
på **vipps 13130**

## FRIVILLIG-LIVET

### Hels på Ragnhild Bjelland



Ragnhild (64) er frivillig i Landro kyrkje. Du møter henne som kyrkjevert ved inngangen til gudstenesta, gjerne saman med mannen, Kjetil Kvinge. Andre gonger syter ho og mannen for kyrjekaffien. Ho er også medliturg og les tekstane i gudstenesta.

–«God nok»-prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Landro skule og Landro kyrkje. Saman med andre pensjonistar er eg med i delen av prosjektet «Etter skuletid». Vi steller i stand eit godt måltid, har god tid til å prata med elevane og dei nyttar seg av spela i kyrkjekjellaren. Ei praktisk oppgåve eg synest er svært kjekk og sosial, smiler Ragnhild.

–Eg har sett deg på kyrkjevandring med 3. klassingane også?

–Som lærar var eg med mange 3. klassar på vandring i Fjell kyrkje. Då eg som pensjonist vart spurd om å vera med som frivillig i Landro når 3. klassane er på vandring, svara eg ja. Synest dette er eit svært meningsfullt opplegg i samarbeidet skule/kyrkje.

–Kvifor er du frivillig i kyrkja?

–Kyrkja er viktig for meg personleg, og eg opplever at kyrkja alltid er viktig for bygdene og samfunnet vårt. Då eg vaks opp, opplevde eg sjølv miljø der frivillige stilte opp. Det var viktig for meg. Tenkjer at no er det min tur å bidra som frivillig for å gje andre høve til å sjå glimt av Jesu kjærleik til oss menneske.

*Tekst: Alvhild Vassel Eide*

**Vil du vere med i det frivillige arbeidet i kyrkja? Kontakt diakon/-medarbeidar i di kyrkje, sjå s. 31.**



Tekst: Den norske kyrkja - Foto: Malin Longva / Den norske kyrkja

# Døpt inn i ein fellesskap

## Alle kan bli døpt, uansett alder

### Slik var det å velje dåp for Gyrid før konfirmasjonen

Då Gyrid skulle velje om ho ville ha kyrkjeleg eller humanistisk konfirmasjon, vart det nokre diskusjonar rundt middagsbordet. Valet ho til slutt tok, vart hennar eige.

–Verken eg eller brørne mine vart døypte då vi var små, mamma og pappa ville vi skulla få velje sjølv. Men dei vart ikkje veldig overraska då eg valde kyrkjeleg konfirmasjon. Dei visste eg var kristen, og skjønnte godt at eg ville døypast og konfirmerast i kyrkja.

Ho har eitt råd til andre ungdommar som vurderer dåp:

–Det er berre å gjera det, eigentleg! Ikkje bry deg om kva andre meiner eller tenkjer. Kjenn etter kva du sjølv eigentleg vil.

### Slik kom Mari fram til at ho ønskte dåp som vaksen

–Eg hadde lyst til å kjenne tilhørsle til den same kyrkjefelles-

skapen som eg døypte barna mine til. På førehand kjende eg at tanken på å skulla gå opp og bli døpt framfor ein heil kyrkjelyd, var ei dørstokkmil. Derfor passa drop-in-dåp fint for meg, og eg er glad for at det vart så høgtideleg.

–Eg plar elles ikkje delta så mykje i kyrkjesamanheng, anna enn at eg kjem på konsertar, og når det er konfirmasjon og dåp. Men sjølv om eg ikkje går jamleg i kyrkja, så betyr det noko for meg å vere ein del av fellesskapen. Eg ønskjer å vere medlem i kyrkja og ha den trygge ramma for livet. Dåp har gitt meg meir ro. Eg tok valet å bli døpt, og det kjennest rett, fortel Mari.

### Kort om å velje dåp som ungdom og vaksen

- For å bli konfirmert må du vere døpt, derfor vel mange ungdommar dåp.
- Du kan bli døpt sjølv om du er konfirmert borgarleg.

- For å bli døpt må du ønskje å tilhøyre den kristne kyrkja.
- For å bli døpt kan du ikkje vere døpt frå før.
- Viss du er døpt i eit anna kyrkjesamfunn, som barn eller som vaksen, kan du ikkje bli døpt på nytt, men du kan bli medlem i Den norske kyrkja.
- Før du blir døpt blir det ein samtale om dåpen med presten eller kateketen i kyrkja.
- Viss du ønskjer det, kan du få meir undervisning i den kristne trua før du blir døpt.
- Du må ha minst to fadrar.
- Ein fadder er ein som er vitne til sjølve dåphandlinga. Kyrkja kan hjelpe deg med å stille med fadrar, om du ønskjer det.

### Ønskjer du ein uforpliktande samtale om dåp?

Enten du har tankar du vil lufter eller praktiske spørsmål, er du velkommen til å ta kontakt med oss på kyrkjekontoret: 400 03 316, [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no).

# Takk, Bjarte!

Søndag 7. april heldt Bjarte Nese si siste gudsteneste som sokneprest i Landro. No startar eit nytt kapittel som sokneprest i Domkirken i Bergen. Bjarte kom som kapellan til Fjell sokn 10. august 2008. Då soknegrensene vart endra i 2015, byrja han som sokneprest i Landro.

**Tekst: Alvhild Vassel Eide**

**Foto: Lisbeth Bjorøy**

Avskilsgudstenesta starta med salmen «Krist stod opp av døde» som sette tonen for både gudstenesta og festmiddagen etterpå: takk og glede! Søndagens tekst var frå Johannes 21 og i talen tok Bjarte fram tilhøvet/vennskapet mellom Jesus og Peter. -Når Peter hadde Jesus i synsfeltet, heldt han motet oppe. Jesus lever også i dag, han held oss oppe.

Det var ei stor forsamling i kyrkja denne søndagen, mange kom til nattverd. Ei dyktig forsongargruppe akkompagnert av kantor Eline Olsen heva songen og gruppa med solist Kristine Angeltveit framførte eit vakkert postludium, «Never Gonna Lose My Way».

I kyrkjelydssalen var borda dekkja til middag, folket fylte salen mens kyllinggryte med tilbehør vart sett på bordet og soknerådsleiar Dag-Olav Bjorøy ønskte velkommen til festmiddag for 15 år med Bjarte, i takk til Bjarte og takk til Gud.

Under kaffien kom fleire med



Bjarte Nese saman med kona Ragnhild og døtrene Hanna og Helena.

helsingar, bl.a prost Jan Tommy Fosse, den eldste kyrkjegjengaren i Landro, Arne Lie, kyrkjeverje Annlaug Børve og soknerådsleiar.

Klok, kunnskapsrik, systematisk, opptatt av kvalitet, solid og

engasjert, var ord som medarbeidarane brukte om han. -Du tek vare på medarbeidarane og kyrkjelydsmedlemmene. Det er flott å sjå dag saman med born. Du har heile tida halde bodskapen om Jesus tydeleg. No finn du at det er tid for endring og vi unner deg å starta på ein ny stad.

Arne Lie takka spesielt for at presten Bjarte også har hatt syn for bedehuset og arbeidet der.

Soknerådsleiarer understreka at Bjarte er lett å samarbeida med.

Kona Ragnhild og døtrene Hanna og Helena fekk også takk, takk for at dei så raust har delt Bjarte med oss alle!

Gåva frå kyrkjelyden var ein akvarell måla av Ingjerd Hauge Johansen, som i fleire år var kyrkjetenar i Landro.

Akvarellen viser fronten i Landro kyrkje med steinveggen, korset, altaret og døypefonten.

Familien Nese skal framleis bu på Maggevarde, Bjarte skal pendla til byen som så mange andre!



# Pårørendegruppe

I januar 2023 flyttet pårørendestyrt selvhjelpsgruppe inn i vestfløyen i Foldnes kyrkje. Her møtes vi annenhver torsdag i partallsuker kl. 19-21. Jeg, Renate Olsen Seim, startet denne gruppen ilag med en annen frivillig som også er pårørende.

**Tekst: Renate Olsen Seim**

**Foto: Yngvild Mørner Sørheim**

Dette er en pårørendegruppe for dem som står noen nær som har et rusproblem. Rusproblemer kan ramme alle, i alle aldre. Når rusmidler fører til problemer i forhold til arbeid, skole, fritidsaktiviteter, familie eller andre nære relasjoner kan det defineres som et rusproblem.

Det finnes ingen sikre tall på hvor mange som er rusavhengig i Norge, men basert på ulike undersøkelser, anslår Folkehelseinstituttet at fra hver tiende til hver femte nordmann vil få en rusrelatert lidelse i løpet av livet. Utfra de tallene, kan vi da forstå

at det vil være mange pårørende rundt en person som har et rusproblem.

Pårørende er en person som står en annen person særlig nær, for eksempel partner/ektefelle, foreldre, søsken, barn, beste-foreldre, tanter, onkler, søskenbarn eller nære venner. Ofte kommer det dessverre med en del helseutfordringer hos pårørende. Vanlige helseutfordringer kan være søvnproblemer, konsentrasjonsvansker, nedsatt energinivå, bekymringer, stress, angst og depresjon.

Jeg har arbeidet innen rus og psykiatri i mange år. Og har arbeidet forebyggende innen rus og kriminalitet blant ungdom og unge voksne. Jeg har også arbeidet innen rusbehandling og ettervern blant voksne. I dag jobber jeg som diakoniarbeider i Øygarden kyrkjelege fellesråd.

Jeg har alltid vært særlig opptatt av de pårørende. Å fortelle om rettigheter, bli sett og lyttet til, vise til at det også finnes behandling for pårørende er viktig å få fram. Det kan være mulig for pårørende å kunne leve et godt liv og samtidig fungere i rollen som

pårørende selv om det er svært krevende.

Jeg tror at mange har gått «under radaren» som pårørende, i betydningen at det har tatt lang tid å bli identifisert som pårørende med egne behov. Dermed blir vår rolle som pårørende usynlig for helse- og omsorgstjenestene. De er ikke klar over den omsorgsbelastningen de pårørende står i, både økonomisk, praktisk og emosjonelt. Jeg så stadig vekk i mitt arbeid at mange familier hadde rusbekymring for sine ungdommer. Og jeg vet at mange dessverre er alene om bekymringen sin. Jeg håper at de pårørende dette gjelder også tør å komme på pårørendegruppen. Mange kan tro at en pårørendegruppe innen rus, gjelder kun de som er bekymret for noen som er tungt rusavhengig. Dette stemmer ikke.

Det finnes mange pårørende i kommunen vår, og jeg ønsker å bevisstgjøre om at vi som pårørendegruppe finnes. Her kan man dele opplevelser, gi støtte, få støtte og gode tips hvis man ønsker det. Det er viktig at de som ønsker å komme på pårørendegruppen skal oppleve trygghet, empati og respekt. Vi behandler ikke, og de som deltar på selvhjelpsgruppen må være over 18 år. Vi er åpne for alle, uansett livssyn, og det er helt gratis. Vi har også taushetsplikt. Om du ikke bor i Øygarden kommune er du også hjertelig velkommen!

Om du lurer på noe rundt denne pårørendestyrt selvhjelpsgruppen kan du ta kontakt med Renate Olsen Seim på telefon 99463919. Du kan også komme uanmeldt på møte om det passer deg best.

**Møtedatoer for våren:**

**30. mai, 13. juni, 27. juni, 11. juli**

## Diakoni – kyrkja sitt omsorgsarbeid

Diakoni er kyrkja sitt omsorgsarbeid, fortalde diakon Torunn Nateland Utvær då ho var gjest i Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i Klokkarvik siste onsdagen i januar.



**Tekst og foto: Olai Otterå**

Diakoni er evangeliet i handling, fortalde ho og lista opp fire punkt:

- Nestekjærleik
- Inkluderende fellesskap
- Vern om skaparverket
- Kamp for rettferd

Torunn vaks opp i Misjonssambandet i Kristiansand, og der var det mykje snakk om misjon. I 30-årsalderen var ho ein liten periode i Ecuador og dreiv med diakoni, noko ho tykte var meningsfullt.

For å bli ein vigsla diakon må ein ha ei master-utdanning, noko Torunn har. Ho vart vigsla til diakon i 2012 i Vikersund og har jobba både i Modum kommune og i Kongsberg.

Som vigsla diakon kan Torunn gå med presteliknande klede i gudstenesta, men dei skil seg likevel litt ut. Er det så skilnad mellom diakoni og vanleg sosialt arbeid? Trua på Gud kjem for diakonen i tillegg. I Bibelen kan ein finna mange ord til trøyst, like eins i salmar. Ein finn òg trøyst i kyrkja eller ved å nytta seg av lysgloben der, meinte ho.

«Som kristne er vi alle diakonar!» meinte Torunn. Diakonen er på terskelen mellom kyrkja og ute i lokalsamfunnet. Ho meinte det var mange måtar å jobbe på, og i samarbeid med andre får ein til meir.



## Ny bibel – ei storhending

Bibelen er grunnboka for alle kyrkjesamfunn! Det norske Bibelselskap kom i vår med ei ny språkleg revidert utgåve. Forige gong var i 2011.

**Tekst og foto: Helge Unneland**

Språket endrar seg, og den nye utgåva Bibel 2024 har nokre språklege justeringar. Kan hende er det utforminga/layouten som er den største skilnaden mellom gamle og nye utgåver. Bibelselskapet har satsa stort på ulike nye variantar til ulike målgrupper. Bergen Kristne Bokhandel har heile sortimentet i begge målformer, totalt 34 ulike utgåver!

### Den viktigaste boka

Bibelen er utan tvil den viktigaste boka i vår kultur! Dyktige forfattarar har vore med i arbeidet med den nye omsetjinga. I samarbeid med fagteologar gjeld det å få fram innhaldet i dei gamle tekstane på «godt norsk», slik at dei kan kommunisere med menneske i vår tid.

### Nøkkelforteljingar

Bibelen er grunnboka i vår kultur. For å forstå litteratur- og kunsthistoria treng vi å kjenne til

dei viktige nøkkelforteljingane i Bibelen. Kjenner du historia om Josef, Job, den miskunnsame samaritanen, den kloke forvaltaren, den bortkomne sonen – eller hendingane som er opphavet til høgtidene jul, påske og pinse? Oppmodinga er: «Ta og les!» - spesielt i eit år der 1000-årsjubileet for Kristenretten og 750-år for Magnus Lagabøtes Landslov vert markert.

### Sigrud Undset

Jon Fosse vann Nobelprisen i litteratur. Den forrige norske nobelprisvinnaren var Sigrud Undset. Ho sa: «Tid og skikk forandres meget, alt som tiderne lider og menneskenes tro forandres, og de tenker annerledes om mange ting. Men menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dager».

### Bergen Kristne Bokhandel

Like bak Korskirken i sentrum

av byen - der Kong Oscars gate møter Øvre Korskirkealmenning, finn du ein spesialbutikk for kristen litteratur. Her er heile breidda av kristne forlag representert. I tillegg har ein gåve-artiklar, antikvariat, ikonar og helsingkort til dåp, bryllaup og åremålsdagar. I barne- og ungdomsavdelinga finn ein bøker til hjelp i trusformidlinga.

### Ein spennande driftmodell

Korleis få en «nisjebutikk» til å bli lønsam? Det var spørsmålet etter at fleire kristne bokhandlar i Bergen måtte legge ned. Svaret var: Tilsett ein dugande person i løna stilling og supplert med 10-15 pensjonistar som har glede av å formidle kristen litteratur. Då «går det rundt», ikkje minst takka vere det gode samarbeidet med kyrkjelydar i Den norske kyrkje som tingar materiell til konfirmantar og elles til trusopplæringa.

# Dråpane i dåpen



**Lars Arne Vik**  
Sokneprest i Sund



Det er ikkje mykje vatn i sving når me døyper i Sund sokn i Den norske kyrkja. Hadde me hatt meir vatn, ville me meir tydeleg sett at vatnet vaskar, no ser me det for våre indre auge.

Då Jesus vart døypt, trur me det var full neddykking. Og så tenkjer me at mengden av vatn kan ikkje ha noko å seia for om det er ein kristen dåp eller ikkje, så lenge orda lyder og den som vert døypt, får vatn på seg.

Me vert døypt til Jesu Kristi død og oppstode. Slik han døydde og stod opp, vert det gamle mennesket i oss drukna, og så står me opp med det nye livet i han.

Dråpane som skvett rundt døypefontane i kyrkjene våre minnar oss om dette: Det nye livet, eit liv i dagleg omvendig, eg har fått krossmerket teikna på brystet mitt, eg tilhøyrer den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus!

Når livet luggar, kan det hjelpa å tenkja på desse dråpane med vatn som du vart døypt med, om du er døypt. Du kan minna deg sjølv om at ein gong vart krossmerket teikna over deg, og så kan du teikna det sjølv over bringa eller panna di.

Krossteiknet minnar oss om kjærleiken, Jesu kjærleik! Så høgt elska han at han døydde. Den

tomme krossen minnar oss om krafta i oppstoda, som me er døypt til. Døden kunne ikkje halda på han. Han lever og er med meg alle dagar!

Så er det ikkje mange dråpar med vatn til stades når me døyper i Sund sokn. Men det er nok vatn, når vatnet er til stades og orda til vår krossfeste og oppstadne Jesus Kristus lyder over det.

Lev i dåpen! Gled deg over at du er døypt, om du er døypt! Er du ikkje døypt, kontakt kyrkjekontoret, så kan du få dåpsopplæring og verta døypt i ei gudsteneste eller rett etter, alt etter som.



## LIVETS GANG

9. februar - 5. mai

### DØYPTE

#### Kausland kyrkje

Aksel Solberg Storebø  
Silas Steinsland  
Michelle Mydland Steinsland  
Lauritz Tofte Golten

#### Sund kyrkje

Ella Neteland Fjelde  
Leona Thorgersen Herstad  
Emil Olai Tyssøy  
Aleah Grønnerud Fjæreide  
Benjamin Holbye  
Milio Fossdal  
Noah Sanderson  
Erika Førde-Vigsø  
Magne Kalve

#### Fjell kyrkje

Emmeline Haugetun Moldeklev  
Atlas Tørres Nordstrand  
Vegard Steinsland Fjell  
Ludvik Hanekamhaug  
Ulrik Eide Kroken  
Josefine Ellingsen  
Hedvig Therese Teigseth Åse  
Max Hjelmeland Reigstad  
Athena Foldnes-Jensen  
Karl Robel Fremicael Holst  
Alexander Sundal Jakobsen  
Kasper Matthews  
Lukas Hammersland  
Arian Seglem  
Adam Lokøy-Jonassen

#### Foldnes kyrkje

Milas Fjellhaug  
Julian Drotningvik Fløtre  
Johanne Trones Prestegård  
Jakob Eide Rebnor  
Johannes Kausland Tvedt  
Caspian Mikanik  
Elias Rudshaug Bjørø Marøy  
Pernille Bartz  
Johanna Seim De Zwarte  
Vilde Eide  
Tiril Eide

Emma Lie Larsen  
Ludvig Mo Salbu  
Phoenix Teige Finsås  
Noel Dale Kolltveit  
Andrine Birknes Clausen

#### Landro kyrkje

Olai Vildskog Lie  
Tobias Inthavong Finne  
Julian Lien Ellingsen  
Nathan Kpwata Kombwanga  
Vilde Lægred Strømmen  
Pernille Skarpenes Kolltveit  
Lucas Angeltveit  
Tim Simonnes Krossøy  
Levi Ulveseth Eikeland  
Mikkel Eide Klepsvik  
Olea Mariell Vandvik  
Sanne Nilsen Landro

#### Blomvåg kyrkje

Eline Ims Ellingsen  
Hav Thorbjørnsen  
Jakob Torsvik Byrkjeland  
Tuva Hellesund Heimark  
Theodor Rudisson-Hellesund

#### Hjelme kyrkje

Elida Hjelme  
Synne Widding-Breivik  
Eva Foldnes

### VIGDE

#### Sund kyrkje

- Irene Kristin Melkevik og Jostein Sangolt
- Rikke Årvik og Thomas Yndestad Nygård

#### Foldnes kyrkje

- Emilie Halvorsen og Naci Gunes
- Sayoko Matsuzawa og Fredrik Ingebrigtsen

#### Blomvåg kyrkje

- Kari Axelsdottir og Rudi Hellesund
- Viktoria Åsheim Byrkje og Jan Tore Holandsjø

### DØDE

#### Kausland kyrkje

Rita Eide Foldnes f. 1968  
Björg Anna Selstø Moen f. 1939  
Ingeborg Karie Telle f. 1929  
Frode Telle f. 1965

#### Sund kyrkje

Aslaug Klara Hufthammer f. 1940  
Oddny Ninni Hildur Sangolt f. 1939  
Frida Serine Skoge f. 1933  
Karsten Nils Skaga f. 1940  
Roar Møller-Hansen f. 1956

#### Foldnes kyrkje

Olga Wergeland f. 1965  
Else-Judith Langø f. 1946  
Helga Anne-Elise Fjell f. 1948  
Beate Sandvik f. 1928  
Erna Karin Stordal f. 1951  
Øyvind Gjelsvik f. 1933  
Tone Eeg Lilletvedt f. 1946  
Oddvar Cameron Knudtsen f. 1944  
Kari Andrea Hagenes f. 1941  
Ingvar Dagfinn Soltvedt f. 1952  
Synnøve Skoge f. 1939

#### Landro kyrkje

Annlaug Fredly Henriksen f. 1947  
Alfhild Andrea Grindheim f. 1933  
Ingebjørg Misje f. 1948  
Målfrid Inger Kvalvågnes  
Eriksen f. 1946  
Ernst Inge Rivli f. 1948

#### Blomvåg kyrkje

Marie Pernille Skarveland f. 1937  
Vigdis Blom Øksnes f. 1954  
Kjell Ronny Alvær f. 1957  
Ragnar Rolf Dale f. 1943

#### Hjelme kyrkje

Ingunn Solbakk Harkestad f. 1971

# Livssorg og ventesorg

Inger Fosse er kreftkoordinator i Øygarden kommune, ein jobb ho har hatt i 10 år, så ho var det også før kommunesamanslåinga.

**Tekst og foto: Olai Otterå**

På Føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelyds- hus siste ondagen i februar var det ho som var invitert som gjest. Temaet hennar var «Livssorg og ventesorg».

I jobben sin kjem ho ofte i kontakt med pårørende til kreftpasientar, personar som opplever det vi kan kalla ventesorg. Mange håpar vel då at det skal koma ei endring som gjer at situasjonen blir betre, at legane kjem fram til ny og betre behandling.

Men ofte er det mykje som endrar seg. Arbeidsfordelinga kan bli annleis, det kan koma hjelpemiddel inn i heimen, og det kjem diverse menneske innom i heimen.

–Sorg er eit mangfaldig landskap, fortalde Inger Fosse. –Den måten ein sørgjer på er truleg den rette, meinte ho. Mange gonger kan ein kjenna på å vera sliten, men ein får likevel ikkje sova. Ein går



berre med bekymringar, og det er vanskeleg å koma seg ut. Ofte kan ein kjenna på sinne og skuldkjensle. «Kvifor gjorde eg ikkje sånn?»

Kor lenge skal ein så sørgje? Før var det vanleg å ha reglar for dette, noko ein no har gått bort

frå. Av og til kan sorga kome over ein av noko som t.d. blei sagt. «Er eg ikkje komen lenger i sorgarbeidet?» tenkjer ein gjerne. Men dette er heilt normalt, meinte Inger Fosse. Det vil vera ei pendling.

Ho meinte at i ein sorgsituasjon må ein først og fremst ta vare på seg sjølv. I det daglege er det viktig å ha nokre faste rutinar. Det kan vera å eta til faste tider, og gjerne be nokon til seg slik at ein ikkje ét åleine heile tida. Det kan òg vera lurt å ha faste rutinar når det gjeld søvn. Det er òg viktig å vera sosial, og ein må ikkje slutta å leggja planar.

Dei som står utanfor sorga blir ofte litt handlingslamme i møte med ein som sørgjer. Men eit nikk eller eit smil kan gjera godt, eller ein kan tilby praktisk hjelp. Spør gjerne igjen om du får nei takk. Og det luraste er kanskje ikkje å spørja korleis det går.

# KVA SKJER?

Barn og unge i Hjelme og Blomvåg sokn

## LEIRAR PÅ SKJERGARDS-HEIMEN

5. oktober: 1. klasseleir  
6. oktober: 2. klasseleir  
12.-13. oktober:  
3. klasseleir  
15.-17. november:  
Konfirmantleir  
6.-8. desember:  
4. klasseleir

Påmelding:  
kyrkja.no/  
hjelmeogblomvag

## REFUEL

31. mai  
14. juni  
6. september  
20. september

Rong senter  
kl. 19.30-22.30

## KRIK

7. juni  
30. august  
13. september  
27. september

Hjeltefjorden  
arena  
kl. 19.30-21.30

## GOSPEL-TEENS

28. mai  
20. august  
3. september  
17. september  
1. oktober

Blomvåg kyrkje  
kl. 18-20

## SMÅBARNSSONG

10. september  
24. september  
22. oktober  
5. november  
19. november

Blomvåg kyrkje  
Kl. 17.30

## TWEENSFEST

For 5.-7. klasse i Blomvåg barnehage  
7. juni kl. 18-20.30



## Stjerne- og Tweenskoret

Likar du å synge?

Vi har kor som øver i Sund kyrkje ca. annankvar tysdag:

3. september, 17. september,  
1. oktober, 15. oktober, 29. oktober,  
12. november, 26. november  
og 10. desember

**Stjernekolet** er for deg som er mellom 4-9 år.

Vi møtes kl. 17.30-18.10.

**Tweenskolet** er for deg som går i 4. klasse og oppover.

Vi øver kl. 18.15-19.15.

# Barne- og tweens- program

i Sund kyrkjelyd

## Betweenklubb

kl. 17:30 til 19:30

Frå 3. klasse og oppover! I kyrkjekjellaren, Sund kyrkje. Vi leikar, ulike aktivitetar, lærer frå bibelen, et kvelds saman.

24. september  
22. oktober  
19. november  
17. desember

## Myldredag

kl. 17-19

Middag, bibelforteljing, aktivitetar og felleskap. Ta med familien og kom, eller kom åleine.

## Kyrkjekjellaren i Sund Kyrkje

10. september  
8. oktober  
5. november  
3. desember

## Kyrkjelydshuset på Kausland

18. september  
16. oktober  
13. november  
11. desember



# Barnekryssord



## Ville vere med under preika

Under palmesøndags-gudstenesta i Foldnes kyrkje gjekk Adam (3) fram til Maria-prest og tok aktivt del i preika. Ho var kommen til delen i historia der Jesus vaska føtene til disiplane på skjærtorsdag. Då gjekk han opp til Maria, og ho viste det på Adam.

*Kjell Andersland*



## Kyrkjebok til 4-åringane

I to gudstenester i april vart ei kyrkjebok delt ut til 4-åringar i Sund sokn, ein gong i Kausland kyrkje og søndagen etter i Sund kyrkje. Boka heiter «Mi eiga kyrkjebok» og handlar om 4-åringen Line som lærer ting om kyrkja, men òg andre ting ho opplever, anten det er ute i skogen, i barnehagen eller saman med bestevenen Tomas.

Alle 4-åringane i Sund sokn hadde nok ikkje møtt opp i dei to kyrkjene, men nokre var det likevel som kyrkjelydspedagog Katrin Fischer kunne dele ut bøker til.

*Olai Otterå*



### Vannrett

1. Høytid
4. På rekke
6. Stort land
8. Nummer
9. Postnr. 3550
10. Gripe
11. Anna Våge
12. Pinse-fugl
14. Stor fugl
16. Ujevn
17. Hyl
18. Tine
19. Fra Irland
21. Solveig Dævøy
23. Elvemunning
24. Retning
26. Stigende
27. Én dag i året

### Loddrett

1. Pontius...
2. En Kjerkol
3. Fisk
4. Elte
5. Mynt
7. Am.smultring
10. Jentenavn
13. Verdensdel
15. Postnr. 7374
20. Heve
22. Smart
25. Par



**Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!**

Send inn kryssord til:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume  
Merk konvolutten:  
Kryssord

Frist: 9. august

Vinnar av Barnekryssord  
i Himmel&hav nr. 1 – 2024:  
Peder og Emrik Ågotnes  
frå Ågotnes

Namn.....

Adresse.....

.....

# T-dagen

trusoppplæringsdagen  
i Fjell, Foldnes og Landro

Glimt frå T7 Sprell levande, T2 Påskevandring,  
T13 Action og T5 Den gode gjetaren!



T7-dagen i Landro kyrkja var ein sprell levande T-dag med mange kjeke bønneaktivitetar for små og store. På T2-dagen fekk heile storfamilien vere med på ei fin påskevandring som endte opp i Foldnes kyrkje. T13-dagen hadde tema "felleskap og forsoning", og sjuandeklassingane fekk ein smakebit på alt det kjeke ungdomsarbeidet som skjer i og rundt kyrkjene våre. "Den gode gjetaren" var tema på T5-dagen, og ungane blei kjende med forteljinga gjennom alle sansar.

## Invitasjon til T-dagar!

Påmelding og meir info:  
[kyrkja.no/t-dagen](http://kyrkja.no/t-dagen)



**Skulestart**  
28. august i Foldnes  
29. august i Fjell  
4. september i Landro



**Kyrkjeboka mi**  
1. september i Foldnes  
1. september i Fjell  
8. september i Landro



**På sporet av Jesus**  
Fredag 13. september  
i Landro kyrkje



**Pilegrim**  
Laurdag 21. september  
ved Fjell kyrkje



Maria Solsvik, Mirjam Elisa Olsen, Veronika Friborg og Ane Eriksen har vore ungdomsteam i Hjelme og Blomvåg sokn det siste skuleåret.

# Ungdomsteamet takkar av

I skuleåret som har gått har Hjelme og Blomvåg hatt eit ungdomsteam i samarbeid med Helgeland folkehøgskule.

**Tekst: Mirjam Elisa Olsen, Ane Eriksen, Veronika Friborg, Maria Solsvik**

Dei fire jentene er elevar på leدارlinja der og besøker skulen i Mosjøen med jevne mellom. Mesteparten av tida bur dei likevel saman i eit hus på Vik og har brukt sine evner i praksis i kyrkjelyden. Her deler dei nokre betraktningar når teamåret går mot slutten!

Året i teamet har vore eit kjempefint og lærerikt år. Det har vore både utfordringar og gleder! Gjennom året har vi vore med på alt som skjer av barne- og ungdomsarbeid her ute i Hjelme og Blomvåg.

Vi ser tilbake på eit år der vi har fått erfaringar og opplevingar vi vil ta med oss vidare i livet.

Vi har lært mykje om barne- og ungdomsarbeid, blant anna korleis halde andakt, leie leir og å dele tru. Vi er takknemlege for alle barn og unge vi har fått bli kjent med.

Det har blitt mange fine øyeblikk saman med dei på konfirmantundervisning, Refuel, KRIK, leir, søndagsskule, korøvingar, barnelag og meir! Dei i kyrkjelyden har tatt oss veldig godt imot, noko vi er utruleg takksame for. Gudstenester og fellesskapskveldar har gjort at vi følte oss inkludert og ivaretatt.

Ein stor takk til sokneteamet, som vi opplever at har vore ein trygggleik og ei støtte gjennom

året. Takk til Hogne som heile året har vore med oss og gitt oss råd og støtte på vegen! Takk for alle timane på kontoret med deg og alle morosame stunder på leir!

Det har vore eit år med mykje humor og glede, og fellesskapet oss imellom er noko vi kjem til å sakne. Ikkje minst kjem vi til å sakne alle dei som har gjort dette året til et fantastisk år. Alle dei frivillige og tilsette i kyrkja og på INRI som har tatt imot oss med opne armar. Vi kjem alltid til å sjå tilbake på året med takksemnd og gler oss mykje til å komme på besøk seinare. Øygarden vil alltid ha ein spesiell plass i hjarta våre!



## Kyrkjelydshelg

I starten av april var det duka for Kyrkjelydshelg i Blomvåg kyrkje. Det starta med frukost og program for alle generasjonar laurdag morgon og småbord var dekkja i kyrkerommet. Etter ei familiesamling, gjekk borna ut for leik og skattejakt. Dei vaksne heldt seg inne der programmet var mykje song og musikk og me høyrde spanande trushistorier.

På laurdagskvelden var det song- og musikk møte og på søndagen var det gudsteneste. Med oss denne helga var eit dyktig husorkester og lovsongsleierane Kjetil og Inger Anita Olsen. Slike arrangement er ein del av kyrkja sitt ynskje om å skape varme og livsnære relasjonar og fellesskap.

*Espen Tveten*



## Tenkedagsgudsteneste



Søndag 25. februar vart speidarane sin Tenkedag markert ved gudstenesta i Kausland kyrkje. Tenkedagen var eigentleg 22. februar, men speidarar frå Tofterøy KFUM-KFUK og Glesnes speidargruppe av NSF kom til kyrkja denne dagen. Dei tok del i innmarsjen i kyrkja, og det var speidarar som både las bibeltekst og forbøner. Til slutt i gudstenesta var det meininga at speidarane også skulle framføre Speidarbøna. Dette vart oversett i gudstenesta, men etter gudstenesta fekk dei høve til å framføre Speidarbøna for dei som var samla til kyrkjekaffi.

*Olai Otterå*

## Så ta da mine hender

På siste konfirmantsamling for årets Fjell-konfirmantar var ca. 65 konfirmantar til stades, fordelt på tre grupper. Av konfirmantlærare var Ole Kristian Hamre og Hermund Nese-Røsten med.

Me song salmen «Så ta da mine hender» skriven av Julie von Hausmann. Ei kvinne som mista det kjæraste ho hadde, sin trulova. Sjølv då dette hende, mista ho ikkje trua si og tilliten til Gud. Elles er det lite me veit om Julie von Hausmann og hennar liv. Det me veit er at salmen hennar har sett spor i mange menneske sine liv, om kor trufast Gud er og om den himmelvon vi har i Kristus.

Etter songen fekk konfirmantane sette sine hender med fingermåling på eit langt ark. At me får skape noko med unike hender, er ei god påminning om at me er skapt heilt unikt. Her kan ein og reflektere over Jesu naglemerka hender og det han gjorde for oss på krossen. Dei same hender leier oss gjennom livet og heilt til himmelen.

*Ole Kristian Hamre*



Foto: Kjetil Kvinge

## Prosesjonskross i Landro

I løpet av vinteren har det kome ei nyvinning i Landro: ein prosesjonskross.

Han tek seg fint ut både når han leier prosesjonen inn i kyrkja ved gudstenestestart og når han står oppstilt ved den talande frontveggen av naturstein.

Prosesjonskrossen er teikna og laga av Ivar Espelid. Stanga og krossen er laga av amerikansk kirsebærtre, krossen har i tillegg ein kross i kvit stein festa til den i tre. Ved frontveggen står prosesjonskrossen trygt plassert i ein «rund» stein. Du kan beundra krossen ein søndag du kjem i kyrkja!

*Alvhild Vassel Eide*



## 2. påskedag på Fjell festning

Fleire tok turen opp til Fjell festning for å vere med på den årlege friluftsgudstenesta. Sola skein og det vart ei flott gudsteneste ved Per Hjemdal. Øygarden kyrkjebrass var med og spelte flotte tonar.

## Vårmarknad på Kausland kyrkjelydshus

Nok ein gong samla folk seg til vårmarknad 20. april. Alle gevinstante var gjort klare, anten dei hang på snorer langs den eine veggen eller dei var plasserte på bord. Eit av borda bak i lokalet var fylt med lefser, lappar og andre ting ein kunne kjøpa. Tombola var det òg, og fleire av ungene prøvde lukka der. Framme i lokalet var det ein kafékrok der ein kunne kjøpa kaffi og diverse kaker og bollar.

Mellom åresala fekk diakon Torunn N. Utvær sleppa til med nokre velvalde ord til oppbygging.

Det viste seg at loddbøkene, åresala og kaféen til saman samla inn 65.000 kr. Desse pengane skal gå til diverse utstyr til kyrkjelydshuset, kanskje først og fremst utanfor huset. Og blir det pengar til overs, vil dei gå til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

*Olai Otterå*



Vi gir deg ro til å hedre den som har gått bort.



**Φ**  
ΦIEDER

SOLSTRANDS  
BEGRAVELSESBYRÅ

Sartorgården, 2. etg. over Meny, 5353 Straume  
Tlf: 55 55 16 16 | solstrands.no | post@solstrands.no

*Bergen & Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



**Leirstedet til IMF  
Midthordland**



- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**  
**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)



**Sund Senter  
Blomster**



**Opningstider**  
Mån.-ons. kl. 09-18, tors.-fred. kl. 09-20 og laurdag kl. 09-16

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder - og elles det du måtte ønska. Vi har utkjøring av blommar kvar dag. Vi har gravstell.

**Tlf.: 56 33 90 13**

**Din lokale elektriker!**



**Thunestvedt**  
Vestgar

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
**Tlf. 400 30 210**  
[vestgarelektro.no](http://vestgarelektro.no)  
[vestgar@thunestvedt.no](mailto:vestgar@thunestvedt.no)

**Annonserer i**  
*Himmel & hav*

Vil du synast for alle innbyggjarar i Øygarden kommune?

Bladet hamnar i alle postkasser i Øygarden, og det er 4 utgåver pr. år med eit opplag på ca. 15 000

Ved å annonsere i Himmel&hav får du gjort bedrifta di synleg i eit seriøst magasin til heile Øygarden.

**Ta kontakt med oss for meir informasjon og prisar:**  
[ys487@kyrkja.no](mailto:ys487@kyrkja.no)

**TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?**  
Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**



# VERDIÅRET 2024 I BJØRGVIN

## Aktuelle verdiar frå gamal tid

I 2024 feirar og markerer vi to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. I Bjørgvin bispedøme har dette året fått namnet «Verdiåret 2024», året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i.

### Kristenretten 1024

Under mottoet "Feira fortid - forma framtid" vert det markert at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Nasjonalt jubileum med særleg fokus på barn og unge. Hovudmarkering for alle på Moster 29. mai - 2. juni 2024.

### Magnus Lagabøte si landslov 1274

I 1274 samla Magnus VI «Lagabøte» for første gong heile landet under ei lov. Biskopen inviterer sjølv til seks temakvelder i Bergen domkirke dette året.

### Guds fire døtre

Omgrepet "Guds fire døtre" eller "Dei guddomelege søstrene" er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder som ved kvar domsavseiing der lova var uklar skulle bli høyrte, for at ein dom kan seiast å vere opplyst så den er rettferdig: Miskunn, rettferd, sanning og fred. Biletet av dei fire søstrene er henta frå Salme 85 i Bibelen.

### TV-serie om hendinga som forandra Noreg

«Hendelsen som forandret Norge» er tittelen på ein ny, underholdande og opplysende mini-serie med Farmen-presten, Thor Haavik, som programleiar. I tre episodar følgjer vi han frå vikingtida til vår tid for å sjå på konsekvensane av at landet fekk ei ny rettsordning – «kristenretten» på Moster for 1000 år sidan. Det er laga undervisningsmaterieil for ulike aldersgrupper knytt til denne serien.

### Verdiseglas med verdisamtalar

Verdiseglas 2024 er ei pilegrimsferd i fleire etappar langs Kyst-

pilegrimsleia frå Sokndal/Egersund til Nidaros. Ungdomar deltek i verdisamtalar inspirert av "Guds fire døtre" og omgrep som makt, likeverd og demokrati. Samtalane skal føra til råd for framtida som vil bli lagt i Kystpilegrimskista som verdibrev til Nasjonaljubileet Norge 1000 år og til preses i Den norske kyrkja. Olavselden i jubileumsstafetten fram mot 2030 følgjer seglasen frå start til slutt.

### Etappar:

- Frå Sokndal/Egersund til jubileumshelga på Moster 2024 den 1. juni
- Frå Bergen til Gulatinget og vidare til Kinn/Selja til feiring av Seljumannamesse 1000 år 6.- 8. juli
- Frå Selja til Smøla og vidare til Nidaros 27. juli - Nasjonaljubileet Norge 1000 år og Olavsfest
- Jubileumsveke for Fjell kyrkje 150 år, og markering av verdiåret 21.-30. september.

Les meir om verdiåret 2024 på bispedømet si nettside [kyrkja.no/bjorgvin/2024](http://kyrkja.no/bjorgvin/2024)

# Hverdagslykke



Familiekontaktene Merethe Clausen og Hege Nygård kommer innom på Home-Start Øygardens kontor på Straume for å ta en prat.

**Tekst og foto: Liv Kari Børnes Honningdal, koordinator i Home-Start Øygarden**

–Det gir meg enormt mye glede, og det er ved å gi at man får, svarer Merethe Clausen (61) når vi koordinatorene spør henne hvordan det er å være frivillig familiekontakt i Home-Start. Hun besøker nå sin tredje Home-Start familie hver uke og gleder seg til hver eneste gang.

–Jeg elsker å bygge lego, og det får jeg gjort mye av. For meg som er bestemor så er det fint å se hva barn er opptatt av i dag. Det kommer godt til nytte i møte med mine egne barnebarn.

Hege Nygård (48) er også frivillig

familiekontakt. –Jeg trodde ikke jeg var god nok til å bli frivillig i Home-Start, forteller Hege. "Kan dette være noe for meg?", tenkte hun.- "Ikke er jeg pedagog, og ikke har jeg jobbet i barnehage". Men, hun har et stort ønske om å hjelpe andre, og når hennes egne barn er blitt store, og trenger henne på en annen måte, kan hun også få bety noe for andre barn. Som frivillig i Home-Start møter hun begeistrede barn og takknemlige foreldre. Og selv om hun er økonom og ikke psykolog, så erfarer hun at hun kan lytte til en mamma eller en pappa, som ser fram til hver gang hun kommer.

For å være frivillig i Home-Start må man enten ha foreldreerfaring eller erfaring fra arbeid med barn. De frivillige får et gratis 20 timers forberedende refleksjonskurs, leverer politiattest og signerer taushetserklæring. De blir fulgt opp av koordinator etter en fast plan så lenge de er i familien.

Både Hege og Merethe er glade for at det er gode rammer rundt oppdraget de har, at det er en signert avtale med familien om hva støtten skal inneholde ut fra deres behov og ønsker. At det er tidsavgrenset gir en god forutsigbarhet for begge parter. De

besøker familien to timer i uken i et halvt år. De synes begge det er flott å ha tett oppfølging fra koordinator. –Det at koordinatorene har besøkt familien før vi kommer, er en trygghet, sier Hege. Merethe er enig, og legger til at det er godt å vite at de kan kontakte koordinator om det skulle være noe.

Familiene har ulike behov, og familiekontaktene har ulike oppdrag.

Ved å komme som en ekstra voksen inn i familien kan de bidra til at de enkelte barna får mer oppmerksomhet, eller at foreldre kan få en pustepause i hverdagen.

De kan leke med barna, ta med ett eller flere barn på lekeplassen, lese bøker, hjelpe med lekser og språk. Det er fint å gjøre ting sammen. Noen familier trenger å bli kjent i nærområdet og få kjennskap til tilbud som finnes.

Merethe og Hege får fram at ved å se barna, og gi foreldrene et klapp på skulderen så er de med å gi familien et løft. –Jeg får selv et løft, sier Merethe.

De to engasjerte familiekontaktene trekker også fram nytten av kurset for frivillige familiekontakter som de får på forhånd. Der forbereder de seg på situasjoner de kan komme opp i, og øver på ulike case. Denne refleksjonen har de med seg i møte med familiene. I tillegg blir man godt kjent med andre frivillige. Gjennom året inviterer Home-Start til ulike samlinger for alle frivillige, alt fra førstehjelpskurs til Åpent kontor. På den måten blir man en del av et nettverk. Det finnes ensomme voksne i Øygarden, og voksne som lengter etter barnebarn. I Home-Start får man mulighet til å bli del av et nettverk selv, og å kose seg sammen med familier som blir glade når du kommer.

–Det gir så mye for begge parter, sier Hege. Hun vil kalle det hverdagslykke, og Merethe er enig.

## Lina Sandell-kveld i Landro



«Lina Sandell i ord og toner» slik lydde invitasjonen til fredag 12.april. Vi fekk ein kveld i fred og harmoni med songar vi kjenner godt og andre meir ukjende songar

**Tekst: Alvhild Vassel Eide**  
**Foto: Dag-Olav Bjørøy**

Borgny Navestad fortalde om Lina Sandell og knytte livet hennar til mange av songane. Lina Sandell skreiv meir enn 2000 songar og dikt, var glad i å skriva og redigerte eit barneblad og eit julehefte i mange år. I barndom og ungdom var ho mykje sjuk, ho var sterkt knytta til faren som drukna mens ho enno var ung. Seinare miste ho mora, mannen døydde også ifrå henne og det einaste barnet ho fødte, døydde i fødselen. Mange tunge slag råka henne, men ho kvilte i Gud og hans nåde. Etter ei influensa i 1900, miste ho evnen til å snakka. Ho døydde i 1903 70 år gamal.

Men songane hennar lever, dei er tidlause og omhandlar tilhøvet mellom Gud og menneske, uttrykkjer eit liv i tru, i tillit, i tvil og framfor alt i nåden.

Annvor Greibesland song mange av songane hennar, somme på svensk, andre på norsk, t.d. «Jesus før verden givit sitt liv», «Har du mot å følge Jesus» og «Kven bankar så varleg i kveldsstillte fred». Innimellom fekk heile forsamlinga syngja, t.d. «O, Jesus åpne du mitt øye», «Jag kan inte räkna dem alla» og «Bred dina vida vingar».

Både solosong og allsong vart akkompagnert av kantor Eline Olsen på flygel og Erlend GjØen på bass. Laila Lossius song «Blott en dag», ho akkompagnerte sjØlv på gitar.

Takk for ein kveld som fekk oss til senka skuldrene til helga!



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

### FREDAG 31. MAI

**Foldnes kyrkje kl. 18:** Livets lys-gudsteneste ved Maria Tveten og Atle Hansen Haugland. Offer: Livets lys.

### SØNDAG 2. JUNI

**Kausland kyrkje kl. 11:** Blomsterfestgudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp. Offer: Basecamp.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp, nattverd og søndags-skule. Offer: Bildøy Bibelskole.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer: Basecamp.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Harald Fylling, dåp og nattverd. Offer: Bildøy Bibelskole.

**Rambogen kl. 11:** Friluftsgudsteneste ved Espen Tveten. Felles avgang frå Blomvåg kyrkje kl. 10.15

### SØNDAG 9. JUNI

**Trellevik-bygnaden kl. 11:** Kystmesse ved Lars Arne Vik, dåp. Speidarar frå Torfterøy og Glesvær tek del. Offer: Tofterøy KFUK-KFUM-speidarar.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Sotra indremisjon.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer: Eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med sommarfest ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. Offer: Eige arbeid.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. 50-års konfirmantjubileum. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

### SØNDAG 16. JUNI

**Tysøy kl. 11:** Friluftsgudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp. Offer: Eige arbeid.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med sommarfest ved Maria Tveten, nattverd. Gospelkoret Lokal Vokal deltek. Offer: NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd. 50-års konfirmantjubileum. Offer: kyrkjelydsarbeidet.

### SØNDAG 23. JUNI

**Sund kyrkje kl. 11:** St Hans-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: Normisjon.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Normisjon.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Harald Fylling, dåp og nattverd. Offer: Basecamp.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse. Dåp og nattverd. Offer: NLA høgskulen.

### SØNDAG 30. JUNI

**Telavåg / Grana kl. 11:** Livets portal-gudsteneste ved Lars Arne Vik, felles avgang frå Telavåg skule kl 10.00.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Misjonsprosjekt Thailand/Laos.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Laget NKSS.

### SØNDAG 7. JULI

**Sund kyrkje kl. 11:** Sommar-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Harald Fylling, dåp og nattverd.

### SØNDAG 14. JULI

**Kausland kyrkje kl. 11:** Sommar-gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved David Skutlaberg, dåp og nattverd.

### SØNDAG 21. JULI

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: P7.

### SØNDAG 28. JULI

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Menneskeverd.

### SØNDAG 4. AUGUST

**Sund kyrkje kl. 11:** Sommar-gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: kyrkjelydsarbeidet.

### SØNDAG 11. AUGUST

**Kausland kyrkje kl. 11:** Sommar-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Guds-teneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Arr. Øygaardssong.

### SØNDAG 18. AUGUST

**Sund kyrkje kl. 11:** Ransel-gudsteneste med dåp og nattverd.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Oppstartsgudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Oppstartsgudsteneste ved Maria Tveten, nattverd.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.

**Hjelme kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: Arr. Øygaardssong.

## SØNDAG 25. AUGUST

**Kausland kyrkje kl. 11:** Ranselgudsteneste med dåp og nattverd.

**Langøy kl. 11:** Friluftsgudsteneste i samband med Langøymarknaden. Ved Maria Tveten og Per Hjemdal.

**Foldnes kyrkje kl. 19:**

Kveldsgudsteneste ved Maria Tveten, nattverd.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Sprell levande gudsteneste med ranselbøn for 6 åringar og utdeling av 4-årsbok. Ved Espen Tveten, nattverd. Offer: KRIK.

## SØNDAG 1. SEPTEMBER

**Sund kyrkje kl. 11:** Konfirmant-jubileumsgudsteneste med dåp og nattverd.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. T4-dag med utdeling av bok.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd. T4-dag med utdeling av bok.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.



Dåp betyr at det er høve til å ha dåp. Vi tek atterhald om at det kan komme endringar i gudstenestene, følg med på [SKJERIKYRKJA.NO](https://skjerikyrkja.no)



**Hjelme kyrkje kl. 11:** Konfirmant-presentasjon og sprell levande gudsteneste, ranselbøn for 6-åringar. Ved Espen Tveten, nattverd. Offer: Refuel.

## SØNDAG 8. SEPTEMBER

**Kausland kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste med konfirmant-presentasjon og dåp.

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med konfirmantpresentasjon ved Per Hjemdal. Dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med konfirmantpresentasjon og dåp, ved Maria Tveten.

**Landro kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste med T4-dag og utdeling av bok. Dåp.

**Blomvåg kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med konfirmant-presentasjon, dåp og nattverd. Ved Espen Tveten. Offer: Tro & medier.

## TYSDAG 10. SEPTEMBER

**Foldnes kyrkje kl. 19.30:** RAMP kveldsgudsteneste

## Rom for ei ny byrjing

I dåpen får vi løftet om at Jesus er med oss alle dagar. Vi blir sameina med Kristus, og blir ein del av det store fellesskapet i kyrkja. Dåp skjer vanlegvis i ei søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på

[kyrkja.no/oygarden/dap](https://kyrkja.no/oygarden/dap)

## Kontaktinfo

### SOKNERÅDSLEIARAR

**Sund sokneråd:**

Arne Bakke, arne-bak@online.no

**Fjell sokneråd:**

Eigil Nødtvedt, netgil@online.no

**Foldnes sokneråd:**

Per Helge Refvik, perhelgerefvik@msn.com

**Landro sokneråd:**

Dag-Olav Bjorøy, bjoroy@online.no

**Hjelme og Blomvåg sokneråd:**

Erling Vik, erl-vik@online.no

### FELLESRÅDSLEIAR

Gisle Kåbø Rong, gislerong@hotmail.com

### KYRKJEVERJE

Annlaug Børve, 473 04 530, ab766@kyrkja.no

### SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortalt oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse: 924 63 278

Sokneprest i Sund Lars Arne Vik: 477 56 440

Sokneprest i Fjell Per Hjemdal: 411 26 549

Sokneprest i Foldnes Maria Tveten: 450 63 016

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg Espen Tveten: 916 17 800

Diakon i Fjell, Astrid Fylling: 971 75 733

Diakon i Sund, Torunn N. Utvær: 922 34 648

Diakonmedarbeidar i Hjelme og Blomvåg / Foldnes, Ellen Ebbesvik: 924 42 881

Diakonmedarbeidar i Landro, Renate Olsen Seim: 994 63 819

Du kan også lese  
om kyrkja si  
verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

Returadresse:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



# No er det 2010-kullet sin tur!

Velkommen til konfirmasjonstid  
i Øygarden. Dei framtidige  
konfirmantane har mykje å gle seg til!

I konfirmasjonstida får unge lære  
mykje spennande om seg sjølv,  
om tru, om Gud og den verda dei  
er ein del av. Dei kan også gle seg  
til å bli ein del av eit fellesskap.  
Høgdepunktet for konfirmasjonstida  
er konfirmasjonsdagen – ein  
skikkeleg festdag.



For påmelding og meir  
informasjon, gå inn på

[kyrkja.no/oygarden/konfirmasjon](http://kyrkja.no/oygarden/konfirmasjon)

# KONFIRMAN† 2025



DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellesråd